



PLANPROGRAM FOR KOMMUNEDELPLAN FOR ANLEGG FOR IDRETT, FRILUFTSLIV OG NÆRMILJØ 2012 – 2020

1. Innleiing

Visjon

Visjonen til Radøy kommune er: **Radøy den grønne øya – tryggleik, trivsel og livskvalitet for alle**

Radøy kommune vil vera ein aktiv folkehelsekommune. Kommunen vil fremja folkehelse og ser planen inn i ein visjon: **Alle i aktivitet.**

1.1 Bakgrunn for planen

Radøy kommune har opp gjennom åra utarbeidd fleire planar for anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø. Den siste var *Kommunedelplan for anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2008–11* som vart vedtatt i kommunestyret 11.12.2008.

Planen skal vera ein styringsreiskap for å nå kommunen sine mål og skal vedtakast av kommunestyret. Planen skal vera realistisk med omsyn til økonomi og ressursbruk og skal gjera greie for behov ut frå forventta aktivitetsutvikling og etterspurnad i kommunen. I samband med denne rulleringa av planen vert det også i større grad sett fokus på folkehelse og aktivitetstiltak for born og unge.

1.2 Forankring i lokal planstrategi

Kommunedelplan for anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø er ein av Radøy kommune sin planar. Arbeidet med planen inngår i kommunen sin planstrategi som vart vedtatt hausten 2012 (KS-079/12), der det vart vedtatt at eksisterande plan vart vidareført til ny plan er ferdig.

1.3 Krav om planprogram

Det skal utarbeidast eit planprogram som skal liggja til grunn for planarbeidet, jf. pbl. § 4-1. Føremålet med planprogrammet er å "planleggja planlegginga" for å gjera arbeidet med planen meir oversiktleg. Planprogrammet vart kunngjort 30.03.12 og lagt ut til offentleg ettersyn i 6 veker. Planprogrammet gjer greie for føremålet med planen

- aktuelle føringar og premissar
- behov for moglege utgreiingar
- framdrift og opplegg for informasjon og medverknad

Verknadene for miljø og samfunn skal også vurderast.

To høyringsinstansar kom med innspel til planprogrammet, og relevante innspel er teke omsyn til i endeleg planprogram.

1.4 Lovgrunnlag og føremål

Revisjon av Kommunedelplan for anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø skal gjennomførast etter plan- og bygningslova sine retningslinjer for kommunale delplanar, jf. pbl. § 11-1. Dette for å sikra at kommunen si sektorplanlegging vert forankra i kommuneplanen sin samfunnsdel, og at satsingar på kulturområdet er i samsvar med dei overordna strategiar for Radøy kommune.

- Staten krev at kommunen utarbeider ein eigen plan for å få rett til statlege spelemidlar.
- Det er innført minstekrav til innhald i planen.
- Kommunedelplanen skal gje uttrykk for visjonar, mål og prioriteringar for anleggsutbygginga fram mot 2020, og ha ein tiltaksdel med fireårig perspektiv.
- Det er viktig at ein gjennomarbeidd plan for dette fagområdet er forankra i lag, foreiningar og andre kulturaktørar.

Føremålet med eigen kommunedelplan for anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø er at kommunen skal ha eit oppdatert styringsverktøy som skal vera retningsgjevande for kommunen sitt engasjement på området.

Planen skal bidra til å

- sikra areal for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv og samordna behova for desse.
- gjennomføra ei plan- og målstyrt utbygging av anlegg, og tilrettelegging av område for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.
- utvikla gode opplegg for drift og vedlikehald av ulike anlegg.
- sikra høvet til finansieringsstøtte ved utbygging av anlegg.
- avklara kommunen og organisasjonane sine oppgåver, ansvar og økonomiske plikter ved utbygging og drift av anlegg og område for anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø.

I samsvar med fylkesdelplanen vil vidare samarbeid med fylket om partnerskap for folkehelse vera eit prioritert satsingsområde.

Viktige føresetnader i arbeidet med planen:

- Politisk medverknad i sakshandsamingsprosessen
- Forankring hjå lag, foreiningar og andre kulturaktørar
- Føringar i andre plandokument som det må takast omsyn til

1.5 Klargjering av omgrep

Det er naturleg å nytta dei same omgrepa som det dei sentrale styringsmaktene nyttar.

Idrett – med idrett meiner ein aktivitet i form av konkurranse eller trening i den organiserte idretten.

Fysisk aktivitet – er ein eigenorganisert trenings- og mosjonsaktivitet, også friluftsliv og leik.

Friluftsliv – vert definert som opphald og fysisk aktivitet i friluft i fritida, med sikte på miljøendringar og naturopplevingar (t.d. fotturar, skiturar, jakt, fiske, riding, bading, båtturar, bærturar.

Friluftsområde er store, ofte uregulerte område som i hovudsak er i privat eige og som vert omfatta av allemannsretten. Områda vert gjerne nytta til turliv, jakt, fiske, riding, trim og aktiv trening. I kommuneplanssamanheng er områda vist som Landbruks-, Natur- og Friluftsområde (LNF-område).

Sikra friluftsområde er tilrettelagde område for ålmenn bruk. Områda er gjerne sikra ved offentleg erverv, bruksrett eller ved langsiktig avtale.

Friområde er avgrensa område med spesiell tilrettelegging og opparbeiding for ålmenn bruk si uhindra rekreasjon og opphald. I kommuneplanen sin arealdel er friområde som oftast vist som byggeområde på kartet, då det vert sett på som ein del av dette føremålet. I reguleringsssamanheng er friområde ein eigen kategori.

Idrettsanlegg

Kulturdepartementet har følgjande inndeling av hovudkategoriar av idrettsanlegg:

Nærmiljøanlegg – er anlegg eller område tilrettelagt for eigenorganisert fysisk aktivitet, i hovudsak i tilknytning til bu- og/eller opphaldsområde. Områda skal vere fritt tilgjengeleg for alle, særleg barn og unge. Nærmiljøanlegg kan lokaliserast i tilknytning til skuleanlegg eller idrettsanlegg. Nærmiljøanlegg skal ikkje dekke behova for anlegg til organisert idrettsleg aktivitet eller vanleg konkurranseidrett.

Ordinære anlegg – er anlegg med rett til tilskot i samsvar med ”Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet”. I hovudsak er desse anlegga nært knytta til konkurranse og treningar for den organiserte idretten.

Nasjonalanlegg – er idrettsanlegg for internasjonale idrettsarrangement.

Andre vanleg nytta omgrep:

Sentralidrettsanlegg – er gjerne kommunalt hovudanlegg med fotballbane, løpefelt, ballbaner m.m. som skal dekkje behov for fleire idrettsgreiner i kommunen.

Rehabilitering – er utbetring av idrettsanlegg for å gi vesentleg funksjonell og bruksmessig standardheving i høve til noverande funksjon. Rehabilitering kan også gå på tilpassing til ny funksjon og/eller bruksområde.

Regionale anlegg – er idrettsanlegg for to eller fleire kommunar. Føresetnaden er at vertskommunen engasjerer seg økonomisk.

Fylkesanlegg – er anlegg der det er høve til å arrangere noregsmeisterskap.

2. Utgreiingsbehov og konsekvensar

Gjennom aktiv involvering og medverknad har ein som mål at planen skal ivareta ulike forhold:

- Kommunedelplanen for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv skal avdekke om det er **udekka behov**, klargjera om desse kan stettast og utarbeida strategiar for korleis dette kan gjerast.
- Bygging og **tilrettelegging av anlegg og område** står sentralt. Rehabilitering, vedlikehald og betre utnytting av eksisterande anlegg vert vektlagt.
- Fysisk aktivitet har stor **eigenverdi** i form av positive opplevingar for den enkelte og grupper i form av meistring, samkjensle og eigenutvikling.
- Fysisk aktivitet har **førebyggjande effekt** i høve til både fysisk og psykisk helse, og vert rekna å ha positiv innverknad på en enkelte sin livskvalitet. Arbeidet med kommunedelplanen bør avklara om , og i tilfelle korleis, kommunen kan nytta tilrettelegging for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv til å betre innbyggjarane si **helse og livskvalitet i eit folkehelseperspektiv**.
- Kommunedelplanen for anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø skal innehalde ein oppdatert **oversikt over anlegg og område** som er i kommunen, tilstand og status på desse og om det eventuelt er planar om vidare utbygging/oppgradering/-rehabilitering.
- Planen skal innehalde **prioritert handlingsprogram** for bygging og tilrettelegging av anlegg og område for anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø for komande fireårsperiode og eit langtidsprogram for dei neste 12 åra.
- Planen skal også innehalde prognosar for **framtidige utgifter til drift** av anlegg og område, og ein oversikt over kommunale tilskotsordningar og utviklinga av desse.

3. Overordna føringar for planarbeidet

3.1 Statleg idretts- og friluftspolitikk

Grunngjevinga for ein statleg medverknad og støtteordningar/spelemidlar til idrettsføremål er knytt til eigen- og nytteverdien av idrett og fysisk aktivitet, der nytteverdien særleg er knytt til førebyggjande helsearbeid. Overordna føringar for planarbeidet er å finne i:

Ny lov om folkehelsearbeid

Folkehelseloven trådte i kraft 01.01.12. Loven skal bidra til å fremma ei samfunnsutvikling som fremmer folkehelse og utjamnar sosiale helseforskjellar, og det skal satsast på langsiktig og systematisk arbeid.

St.meld. 26 (2011-2012) Den norske idrettsmodellen

Meldinga tek til orde for meir anleggsbygging og tilrettelegging for at alle som ønskjer det kan delta i fysisk aktivitet. Satsing på å byggja idrettsanlegg vert vurdert som det viktigaste tiltaket for å stimulere til auka aktivitet i befolkninga. Barn og unge er hovudmålgruppe for idrettspolitikken, samstundes som det er ønskje om å styrka satsinga på idrett for menneske med nedsett funksjonsevne, og inaktive vert inkludert som ei viktig målgruppe.

Nasjonal strategi for et aktivt friluftsliv. En satsing på friluftsliv i hverdagen (2014–20)

Friluftsliv er løfta fram som ei viktig kjelde til god helse og livskvalitet, og dermed sentral i arbeidet med folkehelse. Hovudmålet i strategien er å auka talet på aktive i friluftsliv i og ved byar og tettsteder. Dei viktigaste målgruppene er barn og unge, personer med innvandrarbakgrunn, personer med nedsett funksjonsevne og personer som er lite fysisk aktive.

St.meld. 26 (2006-2007) Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand

Meldinga tek opp viktige punkt som arealpolitikk, barn og unges oppvekstmiljø og forhold knytt til friluftsliv. Relevant for planen er strategi for å sikre areal for friluftsutøving og sikre vilkår for utøving av allemannsretten.

St.meld. nr. 39 (2000-2001) Friluftsliv - Ein veg til høgare livskvalitet

Meldinga understrekar at alle i deira kvardag skal ha gode høve til å drive friluftsliv som helse- og trivselsskapande naturvenleg aktivitet. Friluftsliv vert framheva som verkemiddel i helsefremmande og førebyggjande arbeid. Hovudutfordringer for friluftslivet er m.a. å sikre allemannsretten, gi barn og unge mulighet til naturopplevingar og til å utvikle ferdigheter i friluftsliv.

St.meld. nr 14 (1999-2000) Idrettslivet i endring

I meldinga vert idrett og fysisk aktivitet for alle utheva som den overordna visjonen for statleg idrettspolitik. Det vert signalisert at ikkje berre organisert idrett har rett til offentleg støtte, men at alle skal få høve til å drive idrett og fysisk aktivitet tilpassa lokale tilhøve. Barn og unge er primære målgrupper.

Handlingsplan for fysisk aktivitet 2005-2009, Saman for fysisk aktivitet

Handlingsplanen legg vekt på kor viktig fysisk aktivitet er for folk si helse og trivsel. Auka fysisk aktivitet skal verta oppnådd gjennom ein samla strategi som femnar om tiltak på fleire samfunnsområde og arena – i barnehage, skule, arbeidsplass, transport, nærmiljø og fritid.

Handlingsprogram for folkehelse (2007-2008) set folkehelsa som eit satsingsområde med overordna mål som a) Fleire leveår med god helse i befolkninga som heilskap b) Redusere helseskilnader mellom sosiale lag, etniske grupper, kvinner og menn

Kultur- og kyrkje departementet sin rettleiar «*Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet*»(2007).

Kulturdepartementet sin rettleiar for Universell utforming av idretts- og nærmiljøanlegg (2008)

Helse- og omsorgsdepartementet har ansvar for utforming av politikk for helsefremjande og førebyggjande arbeid. Folkehelsearbeidet er sett i fokus og det er eit nasjonalt, regionalt og kommunalt satsingsområde. Dei overordna måla er at fleire leveår med god helse i befolkninga som heilskap. Eit særleg ansvar er å redusere sosiale skilnader i helse.

3.2 Hordaland fylke

Fylkesdelplanen "Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv", Aktiv kvardag Hordaland 2008-2012 er retningsgjevande for utarbeidinga av den tilsvarande kommunale planen.

3.3 Radøy kommune

Kommuneplanen sin samfunnsdel legg føringar til grunn for utarbeidinga av kommunedelplanen for anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø.

Kommunen har ein eigen helseoversikt for Radøy kommune (2013) «Kartlegging av folkehelsa»

4. Planprosess og organisering

4.1 Plangruppe

Rådmannen har fagansvaret for planprosessen. Det er sett ned ein tverrfagleg plangruppe som består av ass. rådmann Leif Taule, leiar for kultur- og sørvistorget Lin Tove Thomassen, oppsynsmann Odd Matre, plankonsulent Kjersti Flatråker, kommuneoverlege Grethe Fosse, ungdomskoordinator Katarina Birkeland og ein medlem oppnemnd av Radøy idrettsråd.

Rådmannen oppnemner skrivar for arbeidsgruppa. Formannskapet gjorde vedtak om etablering av plangruppa i FS-032/12. Rådmannen gis mynde til å gjere endringar i samansetninga av plangruppa.

4.2 Styringsgruppe

Formannskapet er styringsgruppe for planarbeidet.

4.2 Referansegruppe

Eldrerådet, råd for menneske med nedsett funksjonsevne og ungdomsrådet er referansegruppe for plangruppa.

4.3 Høyringsgruppe

Høyringsgruppe er alle lag og organisasjonar, kommunale einingar/avdelingar, og andre som har interesse av å uttale seg i høve til framlegg til kommunedelplan for anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø i Radøy kommune.

4.4 Medverknad

Det vert lagt opp til medverknad i planprosessen frå lag og organisasjonar og andre partar det er naturleg å samarbeida med. Fylkeskommunen har eit rettleiingsansvar i utarbeidinga av planen og er

ein naturleg samarbeidspartnar. Høg grad av involvering må til for å få ein god planprosess, og det er viktig at alle interesserte grupper får innverknad på prosessen og utforminga av planen. Krav om medverknad er heimla i pbl. § 16.

Alle vert invitert til å kome med innspel til planen gjennom høyringar og opne møte. Plangruppa ser det som særskild viktig at alle partar får høve til å fremja innspel til planen slik at dei får eit eigartilhøve til planen. Målet er å få fram idear, behov og muligheter for utvikling av idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet i Radøy kommune. Det er viktig å legge opp til at hovudtyngda i opplegget for medverknad i skjer tidleg i planprosessen, og det er viktig at planansvarlege viser at innspel og synspunkt vert vurdert og teke på alvor.

Det kan leggest til rette for deltaking i planprosessen gjennom:

- informasjon om planarbeidet i lokalaviser og sosiale medier.
- å oppretta møteplassar for meiningsutveksling og samarbeid.
 - Arrangere oppstartssamling oppe for alle, der det vert informert om planprogrammet og det vidare arbeidet med kommunedelplanen for anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø.
 - Dialogmøter med ulike brukargrupper, både yngre og eldre, kan t.d. leggest til skular, Frivilligsentralen eller liknande. Her er det viktig at ein også kjem i kontakt med grupper/organisasjonar som ikkje er tilknytta idretten eller friluftsliv.
 - Invitere foreldreutval og elevråd til å koma med innspel til oppgradering/utbygging av nærmiljøanlegg ved skular.
 - Vurdere open dag på planavdelinga.
 - Arrangere temamøter som samlar engasjerte innbyggjarar, idrettsråd og frivillige lag.
 - Engasjere Ungdomsrådet.
 - Engasjera barn og unge i samarbeid med skulane, t.d. gjennom barnetråkk-registrering. Barnetråkk er ein metode for å dokumentere barna sin arealbruk, der barn i alderen 8-13 viser sin bruk av kommunen sine areal ved å teikne dei på kart.

5. Framdriftsplan

Plan- og bygningslova set krav til planprosess og medverknad. Ein ser det som føremålstenleg å dele arbeidet fram mot den ferdige planen opp i tre fasar.

OPPSTARTSFASE	<ul style="list-style-type: none">• Utarbeide framlegg til planprogram• Politisk handsaming, oppnemning av plangruppe, styringsgruppe og referansegruppe.• Politisk handsaming av framlegg til planprogram.• Framlegg til planprogram kunngjort og lagt ut til høyring• Vedtak om planprogram i formannskapet	Mars 2012 Mars 2012 30. mars 2012, med høyringsfrist 15. mai 2012 Februar 2014
UTARBEIDINGSFASE	<ul style="list-style-type: none">• Konstituere plangruppe og starte arbeidet med planen• Framskaffe statistikk og datagrunnlag• Ulike tiltak for å tilrettelegge for brukarmedverknad• Arbeid med planutkast i samsvar med planprogrammet	Mars 2014 April 2014-August 2014

VEDTAKSFASE	<ul style="list-style-type: none">• Politisk godkjenning av planutkast• Høyring (6 veker)• Politisk handsaming av endeleg plan	September 2014 Høyringsfrist ca. 15. oktober 2014 November/desember 2014
--------------------	--	--
